

Årsmelding for Øvre Naustdal Utmarkslag 2018.

Historikk for årsmøter i ØNU sidan 2010 er å finne på nettsidene vår her:

<http://kringlen.com/onu-underside-aarsmote.html>

Styret har i 2018 vore samansett slik:

Normund Svoen – leiar

Odd Vonen – nestleiar

Anders Neset - sekretær

Kjell Klopstad – styremedlem

Gudmund Eimhjellen - styremedlem

Rekneskapet er ført av Karen Marie Elvik Svoen

Varamedlem:

Narve Fimland

Kjell Arne Teigen

Revisorar:

Olav Svoen

Torstein Svorstøl

Valnemd til årsmøte 2019:

Ivar Teigen, leiar

Andreas Sørebo

Arne Dvergsdal – vara.

Styremøter

Styret har hatt 2 møter og behandla 17 saker. I tillegg har det vore kommunikasjon over telefon, tekstmeldingar og epost. Det meste av aktiviteten vår har etter kvart vore kommunisert over Facebook sida til ØNU og noko på tekstmelding til medlemmane.

Arrangement/ Prosjekt som laget har vore inne i siste året:

- **Årsmøte** Arrangering av årsmøte 28.02.18 - Instedalen skule. 9 medlemer møtte. Årsmøtet blei nok ein gong arrangert i samarbeid med Instedalen Storvald som hadde sitt årsmøte rett i etterkant.
- **Fiskekortsalg og båtutleige.** Det blei for sesongen 2018 vidareført sjølvbetjening av fiskekort for ØNU sitt område. Fiskekort vart denne sesongen gjort papirfritt utan papirkopier til fisker. Betaling på Vipps og nettbank. Garn har vore utplassert i bodene ved Svobrua og Vonavatnet for enkel tilgjenge og er i regelmessig bruk. I sesongen blei det også vidareført utleige av båt både i Svo-/Nesvatnet og i Vonavatnet. Det blei kjøpt inn ein ekstra båt for utleige i Vonavatnet – ein ny Suvi båt litt kortare enn dei 2 andre - 420 cm mot 460 cm for dei to andre. Denne siste båten skal brukast kun til dagsturar og er merka for dette. Det blei også kjøpt inn ein båtluene med montert tau til båtane i Vonavatnet. Dette for å lette opptrekket og spare botnen for skader under opptrekk. Styret har avgjort at ein tilsvarande skal kjøpast inn til båten ved Svobrua. Det kan elles nemnast at Utmarkslaget fom sesongen 2018 har tatt ansvar for innsetting, lagring og utsetting av Barnas Turlag sine 2 kanoer i Vonavatnet og 4 H sine 2 kanoar ved Svobrua. Utmarkslaget har også sett til at der er rikeleg med vestar (kjøpt inn av Barnas turlag og 4 H for deira kanoer) og tydeleg informasjon om voksne sitt ansvar for barn i båt og kano! Tilgjenge av

båtar og kanoer er også eit viktig friluftslivstiltak for barn og unge som er midt i Utmarkslaget sitt interesseområde og som vi gjerne er med og støtter. Vi har ikkje hatt problem med tjuveri eller hærverk til tross for at utstyr ligg ulåst ute og allment tilgjengeleg. Svobrua friluftsområde, utleigebåtane og tilboda elles bl.a. ved Vonavatnet har vore regelmessig i bruk – særleg den første tida av sommaren med det veldig fine veret.

- **Vidareføring av betalingsparkering ved parkeringsplassen ved Vonavatnet.** Ordning som ved fiskekort og båtlege med innbetaling over nettbank og via Vipps. Priser: kr. 20,- pr døgn, kr 100 pr. veke, kr 200,- pr. år. Parkerande har stort sett vore lojale mot ordninga og betalt avgifta. Det har vore eit visst tilsyn med ordninga – bl.a. ved å legge ut betalingslapp på bilar der ikkje parkeringslapp er synleg i bilruta, men det blir ikkje skriva ut gebyr. Fom med vintersesongen 2018/2019 er det også innført parkeringsbetaling ved ØNU sin parkeringsplass ved Øijord – dette for å dekke inn kostnader med brøyting som fom 2019 må dekkast av Utmarkslaget. Priser kr 20 pr døgn og kr 100 pr sesong. Innbetaling på Vipps og nettbank på same konto som for parkeringa ved Vonavatnet.
- **Utfisking i Vonavatnet.**

Utfiskingsprosjektet gikk i 2017 inn i vanleg driftsfase/haustingsfase og vidareført på same måten i 2018. Ola og Britt Kringlen har leia utfiskinga også denne sesongen og tok stort ansvar når det dreia seg om organiseringa der andre også var inne og hjalp til. Opplæring, lett tilgang til garn og gratis fiske for dei som deltar aktivt i utfiskinga er nok viktige bidrag til å få fleire med på utfiskinga, sjølv om vi nok kunne ynskje at fleier både blant medlemmane i Utmarkslaget, hytteeigarar og andre interessegrupper deltar noko meir. Det blei i 2018 ikkje gjennomført prøvafiske men Ingebrigt Tveite som også i år deltok i utfiskinga, rapporterte til fiskeribiolog Harald Sægrov og strategien for uttak blei diskutert dei i mellom og med Ola Kringlen. Ola Kringlen har laga ei kort oppsummering når det gjeld sesongen 2018 med eit lite utdrag her:

Antal oppfiska fisk

På dugnad:	1544 fisk, av dette ca 50% småaure
Innleigd i gytetida:	2878 fisk, av dette ca 80% dverg- og mellomrøye.
Totalt:	4422 fisk.

Dette er det nest høgste antalet oppfiska fisk sidan vi starta, og totalt er det no fiska opp ca 24.500 fisk.

I dei større garna på 29mm vart det i å teke fisk på opp i 800 gram, men fiske med dei store garna vart med vilje halde på eit lite antall garndøgn. Sjå heile rapporten lagt ut på Utmarkslaget si Fb sida og nettside.
- **Trekning av reinsdyrløyver og jakta 2018. på**

Av 10 tildelte løyver i heile Førdefjella Villreinområde <http://www.villrein.no/frdefjella-2/> fekk Naustdal i 2018 tildelt 2 dyr. 5 dyr gjekk til Gloppen og resten til Førde og Jølster. Atle Fimland i samarbeid med Arne Sægrov tok ansvar for ØNU sine interesser når det gjeld reinsdyrforvaltninga. Det var i år kun fem grunneigarar som søkte om fellingsløyve i ØNU sitt område. Av dei to løyva blei ein ungbukk trekt ut på Gudmund Eimhjellen og ein kalv på Narve Fimland.
- **Småviltsituasjonen.**

Florø jeger og fisk <https://www.njff.no/fylkeslag/sognogfjordane/lokallag/flora/Sider/default.aspx> lagde i 2018 ein ny takseringsrapport for same området som dei gjorde i 2017- Nes, Godtdalen, Vonamarka. Noko betre rypebestand enn i 2017 som gjorde at dei tilrådde noko avskyting. Dei kom derimot med sterke bekymringar vedrørende predatorsituasjonen. Rapporten blei i sin heilheit lagt ut på Fb sidene til Utmarkslaget den 20.09.18.

- **Stiprosjektet.**

Etter innspel frå fleire diskuterte styret i løpet av året om kloppestien innover mot Nesstølen burde forlengast. Framleis mykje myrområde igjen innover som må forserast. Det var interesse for brukarane av området inkl. saueneinga samt grunneigarane for forlengelse av kloppestien til hengebrua over elva ved Nesstølen. Det blei tatt kontakt med forvaltar i LV området som signaliserer interesse for vidare samarbeid og bad oss utarbeide ein plan. Arne Dvergsdal påtok seg prosjektleiaransvaret for dette. Det blei laga ein prosjektplan vedr bruk av plank og heller, skruer og anna tilbehør, arbeidstid og budsjett for det heile. Forhandlingane mellom Utmarkslaget og LV administrasjonen om saka går på at dei skal dekke kostnadane inkl. «dugnadslønn» for arbeidet og Utmarkslaget skal få arbeidet gjort. I interessa for Utmarkslaget ligg det også at vi skal ha noko økonomisk overskot av prosjektet. Få dager før Årsmøte blir det klart at vi i år ikkje får tilgang til dei statlege midlane. Årsaka til det er at tiltaket ikkje er forankra i LV området sin skjøtselsplan, forvaltningsplan eller besøksstrategi. LV administrasjonen vil få det inn i planen i løpet av året slik at det kan bli aktuelt til neste år. Styret vil likevel sjå på om det er nokon mulegheit for å få gjennomført noko av prosjektet i år t.d. med stein-/hellelegging som finst i området.

Stien mellom Svoa og Gjengdalsskaret/Maristeinen blei rehabilitert med kvisting og fornying av merkinga sommaren 2018. Stien, som er den gamle ferdselsstien mellom Inste-Naustdal og Gjengdalen, har vore mykje i bruk i sommar og mange turgåarar som har brukt stien har lagt ut om dette på sine eigne Fb sider og gruppesider.

- **Hjortebørsen 2018**

Pga omlegging av rapporteringa av hjortefelling - elektronisk via <https://www.settogskutt.no/> blei det i år vansker med å få tak i fellingstala slik at ein kunne opprettholde hjortebørsen. Vi vonar at vi kan få igang att denne populære børsen til neste år.

- **Økonomi**

Rekneskapen viser at vi i 2018 fekk inn ca kr 21.000 på fiskekort/båttutleige og parkering – ca kr 3.000 meir enn i 2017 og ca kr 7.000 meir enn i 2016. Ein vil tru mulegheit for Vipps-betaling er medvirkande til dette iom at ca. 60% av innbetalingane har skjedd på denne betalingsmåten. Auka interesse for tilboda våre har det tydeleg også vore og dette bidreg sjølvsagt også.

Saldoen ved utgangen av året 2018 er kr 76.756 på driftskonto – kr 26.865 lågare enn ved inngangen av året. På prosjektkonto er saldoen kr 2.541 – uendra frå inngangen av året. Totalbeholdninga ved utgangen av 2018 blir dermed kr 79.306 – mot kr 106.162 ved inngangen av året. Beholdninga gir oss framleis noko økonomisk handlingsrom bl.a. til innleige av utfiskingshjelp, vedikehold av utstyr som båtar, garn, flytevestar etc og nye investeringar der dette er ynskjeleg eller nødvendig, men vi er også nøydde å tenke inntekter og begrense utgifter når dette er nødvendig. Det vi veit pr idag er at vi ikkje har trong for større ny-investeringar i 2019.

Sjå elles eiga sak på årsmøtet vedr økonomi ved gjennomgang av rekneskapen med revisjon av denne.

Deltaking i nemder og utval.

Rådgivande Utval i Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde

Svein Svorstøl med vara Janne Lykke Svorstøl har representert ØNU styret/Naustdal kommune.

<http://www.nasjonalparkstyre.no/Naustdal-Gjengedal/>

Fondsstyret for Utviklingsfond for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde – Kjell Klopstad representerer Utmarkslaget med Normund Svoen som vara.

<https://gloppen.kommune.no/tenester/landbruk/utmark/utviklingsfondet-naustdal-gjengedal/>

Villreinutvalget – Førdefjella villreinområde. Atle Fimland og Arne Dvergsdal er Utmarkslaget sine representantar. Fom 2019 overtar Arne Dvergsdal denne funksjonene aleine.

<http://www.villrein.no/frdefjella-2/>

Villreinnemda for Sogn og Fjordane. Olav Svoen er medlem og utpeikt av Naustdal kommune

<http://www.villrein.no/sogn-og-fjordane-nemnd/>

Prosjekt/drift som Utmarkslaget arbeider med i 2018 og som blir vidareført i 2019 er:

- Vedlikehold og overvåking utfisking i Vonavatnet – jfr årsmeldinga.
- Vedlikehold av stimerking av stiar i ØNU sitt område og forhandling om vidareføring av kloppestien mot Nesstølen.
- Småviltkartlegging i ØNU sitt interesseområde
- Dagleg drift med vedlikehold av parkeringsplassar og opparbeidd friluftsområde ved Svobrua, oppslag om fiskekort, parkeringkasser, vedlikehold av båtar, opprigging av utstyr etc om våren og nedrigging om hausten (båtar, kanoer, bord og benker, garn, parkeringskasser etc), kommunikasjon med kommune og administrasjonen for LV området, uttale i forbindelse med søknader om motorisert ferdsel, løypekøyning, bygg og anlegg i ØNU sitt interesseområde.

For meir info sjå nettsidene <http://www.kringlen.com/ONU.html>

Viser også til Øvre Naustdal Utmarkslag si Facebook gruppe -

<https://www.facebook.com/search/top/?q=%C3%B8vre%20naustdal%20utmarkslag>

Vi takker nok ein gong Ola Kringlen for leiing av utfiskinga og overvåking av fiskesituasjonen i Vonavatnet samt bidrag til å legge ut viktig info på ØNU si nettside under Vonaportalen. Vi må også legge til at styremedlemene i Utmarkslaget legg ned eit betydeleg dugnadsarbeid for laget – både praktisk og organisatorisk!

Florø 03.03.19

For styret i ØNU,

Normund Svoen

Leiar.